

---

Vår referanse 2020/37774-11  
Dato 27.03.2020

---

FJALER KOMMUNE ADMINISTRASJON  
Postboks 54  
6961 DALE I SUNNFJORD

### Fjaler kommune - arealdelen til kommuneplanen. Førebels fråsegn etter arbeidsmøte 24.03.2020.

Vi viser til oversending dagsett 21.01.2020, og til arbeidsmøte 24.03.2020.

Møtet var organisert av Fylkesmannen og der også Statens vegvesen og Vestland fylkeskommune var med. I møtet vart ulike problemstillingar diskutert, og med bakgrunn i dette vart vi einige om at frist for uttale vert utsett, og at fagetatane kjem med skriftleg notat på dei problemstillingane som vart løfta i møtet. Vi vil understreke at dette ikkje er ei formell fråsegn til planen, men ei førebels vurdering av innhaldet i planen.

I vurdering av planutkastet har vår seksjon for kulturarv sett nokre konkrete konfliktpunkt i høve kulturminneverdiar. Dette var så vidt nemnt i møtet, men ikkje drøfta. Vi tek det med her slik at kommunen tek det med i arbeidet.

Ta kontakt med oss om det er behov for vidare dialog.

#### Samferdsel

På bakgrunn av at det er lagt opp til ein høg bruk av arealføremålet LNF - spreidd busetnad, bør følgjande moment kome tydelegare fram av planen:

- Korleis tenkjer Fjaler kommune i høve avkøyrslar frå fylkesvegane og til dei spreiddbygde områda? Vert det lagt opp til å basere spreidd busetnad på eksisterande tilkomstar der ein har ei streng haldning til å gje løyve til ny avkøyrslar? Slike spørsmål bør komme tydeleg fram i dei tilhøyrande føresegnene til planen. Her kan ein gjerne nytte rammeplan for avkøyrslar og byggjegranser 2017 -2020 som hjelp.
- Fjaler kommune må syne at dei har tenkt på dei trafikale konsekvensane ved å opne opp for spreidd busetnad i LNF - område. Det må komme tydelegare fram korleis kommunen har vurdert å sikre trygg skuleveg. Kor langt er det til næraste busshaldeplass? Er vegen fram til haldeplassane trygge?
- Kva er tankane om plassering av spreidd busetnad, kan ein tenkje seg ei grense for kor «langt» vekk frå eit bygdesentrum ein kan ha bruken?

#### Klima

Kommunen har inkludert klimautfordringane på ein god måte, og med ei brei tilnærming som inkluderer både klimatilpassing og utsleppsreduksjon. Fylkesrådmannen oppmodar samstundes til å spisse målsetjingane om å redusere klimagassutsleppa frå kommunen. Det er gjort eit interessant grep i KU ved å inkludere konsekvensane for klimagassutsleppa i kommunen. Dette er ein måte å sjå tiltaka i samanheng med utslepp.

Samstundes vil nokre av vurderingane som er gjort kunne diskuteras. Eitt eksempel er vurderingane knytt til Guddal. Der er det i framlegget gjort vurderingar knytt til næringsverksemd med turistføremål på Yndestad og uttak av stein på Øyra. Desse er vurdert til ikkje å ha betydning for klima-utslepp fordi det vil utvikle/halde på lokale arbeidsplassar og redusere transportbehovet. Dette vil stemme om ein kun ser på dei lokale som ev. er/vert tilsett på staden. Men næringsutvikling for turistføremål vil ha utslepp knytt til turistane som skal nytte tilbodet, og eventuelt steinuttak har store transportbehov for å nytte seg av massane.

Miljødirektoratet har ulike tiltakskalkulatorar på sine nettsider, mellom anna knytt til arealbruks-  
endringar. Les meir om dette [her](#).

### **Automatisk freda kulturminne**

I arbeidsmøtet blei det informert om at tre føresegner i planen må endrast. Det må gjerast før planen blir sendt ut på nytt, for å unngå motsegn.

Vestland fylkeskommune har vedteke «Reglement for folkevalde organ og delegering». Reglement for delegering etter særlov omhandlar i avsnitt 42 om plan- og bygningslova. § 5-4, andre ledd, og her står det; «Fylkesrådmannen har mynde til fremje motsegn til tema i arealplanar som ikkje er av prinsipiell karakter, og som har vesentleg negativ verknad for myndeområda fylkeskommunen skal ivareta». Myndet er delegert vidare til fylkesdirektør for kultur, idrett og inkludering.

Nedanfor følgjer nærare opplysningar om forholda kring føresegnene.

#### Undersøkingsplikt og føresegner

I samband med konsekvensutgreiinga av nye utbyggingsareal har kommunen, under temaet Kulturarv, gjort ei vurdering av også potensial for automatisk freda kulturminne. Det ser vi på som positivt. Likevel ser vi at det er funnpotensiale i langt fleire planlagde utbyggingsområde enn kva konsekvensutgreiinga gjev uttrykk for. Det er aller størst funnpotensiale i areal mellom 0 til ca. 30 moh og inne på dagens dyrka mark. Det er også noko funnpotensiale i utmarks- og stølsområde. Funnpotensialet på dyrka mark og i utmark har samanheng gardsdrifta (korndyrking og husdyrhald) i dei siste 4000 år.

Forholdet til automatisk freda kulturminne er ikkje tilstrekkeleg avklart. Det må takast større omsyn til at det finst automatisk freda kulturminne som ikkje er registrert og difor blir øydelagde ved planlagt / omsøkt tiltak.

Fylkeskommunen kan formelt sett ikkje seie seg samd i ny arealbruk i kommuneplanens arealdel før undersøkingsplikta, jf. § 9 i kulturminnelova, er oppfylt og tilhøvet til automatisk freda kulturminne er avklart. Sjå også § 8, fjerde ledd i kml. Dette inneber at Vestland fylkeskommune må ha alle arealplanar m.m. på høyring.

Vidare må Vestland fylkeskommune ha til handsaming byggesaker i LNF-område med høve til kombinert spreidd utbygging av bustader, av fritidsbustader, av kombinerte areal og til næring jf. føresegner § 3.2.-3.2.4. Dette for at handsaming av undersøkingsplikta i høve automatisk freda kulturminne vert handheva, men også av omsyn til bygningar og andre kulturminne.

Følgjande tekst må inn i § 3.2.a.1. Føresegner og retningslinjer:

**Alle tiltak innanfor område for spreidd utbygging, i areal som ikkje er heilt utbygd, skal sendast til Vestland fylkeskommune for vurdering av kulturminneverdiar, jf. kulturminnelova §§ 3, 8 og 9.**

#### Omsynssone, føresegner og retningslinjer

Dei i dag kjende automatisk freda kulturminna er merka av på plankartet. Kulturminna er korrekt avmerka med omsynssone H730.

Omliggande sikringssone, er avmerka med H570. Det er her rett å merka av både kulturminnet og sikringssona som H730, sidan sikringssona juridisk har same status som sjølve kulturminnet, jf. lov om kulturminne § 6. Dette må bli retta opp i den endelege planen.

Omsynssone H570 er korrekt å nytte der det er ynskjeleg å ta vare på og sikre landskapet rundt automatisk freda kulturminne med sikringssone for å ta vare på verknaden av kulturminnet i landskapet. Det gjer det lettare pedagogisk i dag å forstå kvifor eit kulturminne, eksempelvis ein gravhaug i jernalderen, blei plassert nett der på dåverande gard si innmark.

I føresegner og retningslinjer til planen, kap.5 Omsynssoner, står det føresegner til områda merka med H730. Under § 5.3.2. må det vere separate føresegner til automatisk freda kulturminne og til freda bygningar, og det må inn ny føresegn knytt til automatisk freda kulturminne.

Føljande tekst må inn i § 5.3.2. i Føresegner og retningslinjer:

**Omsynssona omfattar automatisk freda kulturminne. Areal er freda i medhald av lov om kulturminne, og det er ikkje tillate med tiltak eller inngrep som er eigna til å øydelegge, skade, dekke til eller på annan måte utilbørleg skjemme kulturminnet, mellombels eller permanent. Tiltak som kan ha innverknad på automatisk freda kulturminne skal leggjast fram for Vestland fylkeskommune.**

Dispensasjonssøknader som omhandlar freda bygningar skal også sendast til Vestland fylkeskommune. I føresegner og retningslinjer kap. 6 Retningslinjer er temaet dispensasjon omhandla. Under bokstav a) må eksisterande kulepunkt om kulturminne utvidast til å lyde:

*Berøre eller skjemme automatisk freda kulturminne eller føre til negative konsekvensar for nyare tids kulturminne og kulturmiljø.*

Fylkeskommunen må ha søknader om dispensasjon på høyring for å vurdere om det er kulturminneverdiar i områda som blir råka av dispensasjon. Føljande tekst må inn i kap. 6 Retningslinjer, dispensasjon:

**Regional kulturminnemynde må ha søknad om dispensasjon til uttale før søknaden blir endeleg handsama i kommunen. Ved oversendinga bør det vere ei orientering om korleis kommunen stiller seg til søknaden.**

I planomtalen avsnitt 11.2. og 11.3. er kulturminne så vidt nemnt. Her bør det ryddast i teksten sidan omsynssone H730 omfattar kulturminne som har formell fredingsstatus etter særlov (her lov om kulturminne) eller som er bandlagt i påvente slikt vedtak, jf. plan- og bygningslova §11-8 d.

Alle automatisk freda kulturminne burde bli lista opp og med tilhøyrande nummerert omsynssone. Eit alternativ er å opplyse i teksten at kulturminna med omtale og kartavmerking er å finne i Kulturminnesøk, [www.kulturminnesok.no](http://www.kulturminnesok.no).

Med helsing

Eva Katrine Taule  
fagleiar

Torbjørn Hasund  
Seniorrådgjevar

*Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift*

Sakshandsamar,

Infrastruktur og veg: Susanne Stølheim Aasen, [susanne.stolheim.aasen@vlfk.no](mailto:susanne.stolheim.aasen@vlfk.no)

Klima: Ida-Beate Mølmesdal, [ida-beate.molmesdal@vlfk.no](mailto:ida-beate.molmesdal@vlfk.no)

Kulturminne: Berit Gjerland, [berit.gjerland@vlfk.no](mailto:berit.gjerland@vlfk.no)

Kopi til:

FYLKESMANNEN I VESTLAND

STATENS VEGVESEN REGION VEST FØRDE

KONTORSTED